

Paa nipa ovanfør stova mi
Eg alti kjenner meg *nøygð* aa fri.
Eg ser utyver. Ser fuglar skyvar
Aa fær forbi.

Eg ser utyver – ser grannen min
Korleis hann fylgar um heimen sin
Ser kor han stræva. For bra aa leva
Med lyden sin.

Eg ser utyver min eigen heim
Eg kjenner noko av same *sveim*
Dei gode *lute*. Gjev manga sute
Aa varda dem

Eg ser utyver aa mangt meg sviv
Det er so *anvint* vort mannaliv
I heim aa ute. I tusin sute
Ein gjeng aa driv.

Eg ser utyver si sviv det meg
Ein hev vel sute nok kvar med seg
So kvar ein leve. So finn ein stræve
Vil fylgja seg.

Eg ser utyver kva faa eg sjaa
Ei verd so syne kva Gud er daa
Kva almagt greie Kva visdom seie
Kva elsk kan raa.

Rg ser utyver paa hav aa fjord
Ein baat fær sud aa ein annan nord.
Den eine siglar den andre kjeglar
Med ein motor.

Eg ser utyver eit himmelrum
Med sol aa maane aa strjernor som
Gjev meg den. Dei klaarleg vidna
Um Guds visdom.

Aa alt so lever i havets djup
paa store aa paa dei smaae *krjup*
Dei nedi kava, Aa føda hava
Fraa same Gud.

Eg ser paa alt so mitt syn kan naa.
Guds storheit eg uti alt faar sjaa
So eg faar sanna. Eg kan kje anna
Eg elska maa.